

Klart vi les!





Temasekken

«**TEMASEKKEN**» er sett saman av Møre og Romsdal fylkesbibliotek og Skodje bibliotek, med midlar frå Nasjonalbiblioteket.

Målet med sekken er å styrke lese lyst og lese glede i grunnskolen. Sekken inneheld ulike bøker og konkretiseringsmateriell, og er tilpassa barn frå 1. til 4. trinn, med tanke på ulike lese dugleik og kulturell bakgrunn. Biblioteket skal i prosjektperioden sette saman sekkar med 3 ulike tema, og det blir laga 10 sekkar av kvart tema. Valde tema er samane, småkryp og steinalder.

«Temasekken Samane» og «Temasekken Småkryp» er ferdige og sende ut til 4 utvalde bibliotek i fylket. Sekkane inneheld skjønn- og faglitteratur, lydbøker, musikk, pc-spel og konkretiseringsmateriell i tilknytning til temaet.

REDAKTØR: Liv Kristin Bjørlykke Øvereng
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
SKRIFTER: Auto, Sauna og Dolly

PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS

FRAMSIDEILLUSTRASJON: Kari Stai



Leseland er Samlaget si store satsing på letlesbøker.

Leseland

LESELAND er ein serie med underhaldande og engasjerande letlesbøker som er tilpassa barns interesser og lesekunnskap. Den gode forteljinga står alltid i sentrum. Bøkene er fagleg funderte og utvikla i samarbeid med leseforskarar, og serien skal dekkje alle ferdigheitsnivå. I tillegg til enkel og god tekst har bøkene mange fargerike og spreke illustrasjonar.

Dei første bøkene i Leseland-serien er i sal no. Dei kommande åra vil det komme minst ti nye Leseland-bøker i året, fordelt på dei ulike nivåa. Bøkene kjem parallelt i Leseland-appen.

Leseland er ei stor satsing for Samlaget, noko forlaget gjer for å auke tilfanget av letlesbøker på nynorsk, slik at den som skal lære å lese med nynorsk som hovudmål, skal ha tilgang på kvalitetssikra letlesbøker på sitt eige mål.

På Samlaget sine nettsider, www.samlaget.no, kan du lese meir om Leseland, Leseland-bøkene og også bla i bøkene.

Heftet er eit samarbeid mellom
Nynorsksenteret, Ivar Aasen-tunet
og Møre og Romsdal fylkesbibliotek.

NYNORSKSENTERET: www.nynorsksenteret.no

IVAR AASEN-TUNET: www.aasentunet.no

MØRE OG ROMSDAL FYLKESBIBLIOTEK: mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/Fylkesbiblioteket/



BIBLIOTEKET



NYNORSK-
SENTERET



Ivar Aasen-tunet

Klart > vi les!

Korleis bli kjent med bokstavane i barnehagen?

Bokstavfiske

TEKST: **Liv Kristin B. Øvereng** ILLUSTRASJON: **Inger Lise Belsvik**

FEMÅRINGANE I BARNEHAGEN er samla i skuleførebuande gruppe, og i dag er planen å utforske bokstaven F/f. Barnehagelæraren finn fram f-teksten i *Bokstavsommaren*, og ungane gler seg, for dei har lese tekstar frå denne boka tidlegare også. Barnehagelæraren begynner å lese, og ungane får høyre om storebror Styrk som fangar ei flyndre, og som lèt flyndra få kome ut i sjøen igjen. Den vesle teksten avsluttar slik:

– Flyndra forsvann, men F-en er att,
han er i føtene dine, i fingrane og i freknene dine.

Bokstaven F/f har dei valt fordi det er Fredrik sin bokstav, og Fredrik seier: «Eg trur dei finn ein fisk, for fisk startar med min bokstav!» Lydleiken i teksten smittar, og når ungane har fått smake på framlyden i *flyndre*, *føter*, *fingrar* og *frekner*, er vegen kort til andre ord. Både *fisk*, *fiskepudding* og *fis* startar med lyden f. Fredrik er litt stolt, for dette er jo hans bokstav. Endå meir spennande blir det når den vaksne seier at *fish*, som er engelsk for fisk, også startar med lyden f!

Ikkje alle barna klarer å lytte ut framlyden sjølv, men dei aller fleste synest det er spennande å prøve, og dei gler seg over kvart nytt ord som dukkar opp. Det finst masse ord som både startar med lyden f, og som har f inni seg!

Barnehagelæraren er sekretær og skriv orda inn i eit tankekart. Denne ordsamlinga skal brukast til vidare utforskning av samanhengar mellom lyd og bokstav.

Bokstavleik

I barnehagen skal barna bli kjent med form, lyd og namnet til bokstavane (Rammeplan, 2006). Leik med det språklege lydsystemet danner grunnlag for barns fonologiske bevisstheit, noko som er særleg viktig for den første lese- og skriveopplæringa. Det er viktig at barn kan identifisere lydane i språket og knyte dei saman med bokstavane som er det skriftlege uttrykket. Dette er nøkkelen til det å kunne lese.

Bokstavsommaren

Eit godt utgangspunkt for å rette merksemd mot bokstavar og lydar er å lese frå *Bokstavsommaren*. Her fiskar Styrk opp bokstavar frå havet til veslesøstera Zara, og tekstane inviterer til å prate om bokstavane. Bokstavsommaren er utarbeidd i eit samarbeid mellom forfattar Erna Osland og illustratør Inger Lise Belsvik og Lesesenteret og Nynorsksenteret. Tekstane er skrivne slik at ein kan lese så mange ein vil og i den rekkefølga ein vil. Her finn ein korte tekstar til alle bokstavane i alfabetet.



På sida www.nynorsksenteret.no/bokstavsommaren ligg Bokstavsommaren som ein gratis pakke med tekst, bilete, film og opplegg – for at ein i barnehagen skal kunne legge til rette for å utforske bokstavane, og for at barna skal bli kjende med bokstavane. ■

Kjelde


«Bokstavfiske»

Trude Hoel og Liv Kristin Bjørlykke Øvereng
i Verktøykassa nr. 3 2015

Ein bokprat med grafikar og forfattar Kari Stai.

Motsetningar og bestevenner

TEKST: **Anne Marta Vinsrygg Vadstein**, Nynorsksenteret FOTO: **Kari Stai**





– **IDÉEN TIL JAKOB OG NEIKOB** dukka opp på toget mellom Trondheim og Oslo. Eg hadde god tid til å sitje og tenkje, og så kom konduktøren. På namneskiltet sto det «Jakob», og namnet hang liksom igjen i tankane. Kva om det fanst ein «Neikob» også, fortel illustratør og barnebokforfattar Kari Stai.

På nokre år har Stai laga nokre av dei mest prislønte og elska biletbøkene for barn her i landet. Tre bøker om Jakob og Neikob har det blitt, og dessutan fire peikebøker om Mopp og Mikko, i tillegg til *Blodrik og Blodfabrikken*. Alle historiene er i eit språk som inviterer lesaren til å leike seg med ord og omgrep. Illustrasjonane er stiliserte, med ein sær eigen farge- og formbruk. Stai er utdanna lærar og grafikar, og det er ofte det visuelle som kjem først når ho jobbar med bøkene sine. Unntaket er Jakob og Neikob.

– Der var det orda som kom først. Ordsmakinga sette i gang dei visuelle idéane, og sidan eg då arbeidde i eit miljø med mange som illustrerte barnebøker, fekk eg inspirasjon til å lage bok av Jakob og Neikob. Eg håpar og trur at det kjem fleire historier om dei to bestevennene, seier Stai lurt.

I fjor var ho i India saman med barnebokforfattarar frå heile verda. No kan også indiske born få møte Jakob og Neikob, på tre indiske

språk. Tidleg i haust kom bøkene om Jakob og Neikob også på sørsamisk, lulesamisk og nord-samisk.

– Det er svært viktig at barn får lese, og blir lesne for, på sitt eige språk, seier ho.

Kari Stai har møtt mange born gjennom å besøkje skular, barnehagar, bibliotek, festivalar og gjennom oppdrag for Den kulturelle skulesekken.

– *Kva legg du vekt på i formidlinga av bøker til born?*

– Når eg vert invitert til skular, har dei gjerne sett av ein eller to skuletimar. Eg les som regel to av bøkene om Jakob og Neikob, og så snakkar vi saman om bøkene. Av og til teiknar vi, og brukar formene til figurane i boka, men fyller dei med anna innhald og andre motsetningar. Ein skurk og ei prinsesse, ein kantete og ein rund, til dømes. Vi snakkar saman om det å vere ulike og likevel kunne vere bestevenner. Jakob og Neikob er som dag og natt, men heng likevel saman og

– Det er fint at boka kan brukast både i skule og barnehage. I samtalen kring boka opplever eg eit fellesskap der både eg og borna gjev av oss sjølve

klarer seg dårleg utan den andre. I barnehagane les eg gjerne Jakob og Neikob for 3–5-åringane. Reaksjonen deira på uventa hendingar i boka, som til dømes når Neikob slår tjuven på rumpa med ei trommestikke, er herleg. Det er fint at boka kan brukast både i skule og barnehage. I samtalen kring boka opplever eg eit fellesskap der både eg og borna gjev av oss sjølve, fortel Stai.

Forfattaren har også laga ein serie peikebøker for dei yngste: Mopp og Mikko.


– Då sonen min var rundt eitt år, tok eg til å orientere meg om kva peikebøker som fanst. Eg sakna bøker med ei enkel handling, og med kjønnsnøytrale figurar. Eg har samarbeidd med to pedagogar i Sakshaug barnehage for at bøkene skulle treffe målgruppa best mogleg. Det gjeld å ikkje undervurdere små barn, men å leggje til rette for god språkstimulering og mangfaldige leseopplevingar. ■





Anna R. Folkestad om Henrik And, Unni og Gunni og Bo og Besta.

Ei heilt vanleg and

TEKST: **Anne Marta Vinsrygg Vadstein**, Nynorsksenteret ILLUSTRASJON: **Anna R. Folkestad**

*– Henrik And liknar nok meir på
meg sjølv enn eg vil innrømme.*





KVA GJER EIN når ein sit på jobb og drøymmer om å få lage barnebøker? Det var situasjonen for Anna R. Folkestad for knapt ti år sidan. Folkestad har «alltid» teikna, og gjekk mellom anna på Kunstskulen i Rogaland. I 2006 var det eldste barnet hennar to år, og no hadde Bø og Bæ-verda opna seg for dei begge.

– Tenk å få lage barnebøker! Det hadde vore noko, tenkte ho.

– Alle, både store og små, drøymmer om å vere noko anna eller nokon annan. Etter nokre år med teikning og fundering hoppa eg i det og klippte og limte ei bok. Henrik And liknar nok meir på meg sjølv enn eg vil innrømme, fortel Folkestad. – Då bok nr. 2 skulle lagast, var eg så redd for at det skulle bli med det, og at det ikkje skulle bli fleire bøker. Derfor skreiv eg på alle tre bøkene om Unni og Gunni samstundes. Då hadde eg i det minste ein liten bunke, seier forfattaren.

– *Kva er bakgrunnen for Unni og Gunni-bøkene?*

– Eg teiknar alltid karakterane først og blir kjend med dei før eg byrjar å skrive. Med Unni og Gunni låg eg rett og slett og kvilte middag, og då eg vakna, noterte eg ned på mobilen min det eg hadde drøymt.

– *Det høyrer enkelt ut. Er det alltid slik?*

– Nei, det var jo litt arbeid med det, så klart.

Då eg skulle skrive *Tanntrøbbel*-boka om Besta og Bo, vart eg utfordra til å bruke menneske i staden for fuglar som hovudpersonar. Eg ønskte å lage ei bok som både gutar og jenter ville like. Når eg no spør skuleelevar kva kjønn Bo er, svarer jentene at Bo er ei jente og gutane at han er ein gut. Det er eg veldig godt nøgd med. Bøkene mine har kvar si stemning, og det håpar eg lesaren også kjenner. For meg er teksten som ein song som skal flyte fint.

– *Kva kjenneteiknar ei vellukka formidlingsøkt?*

– Eg brukar gjerne å starte med å spørje borna om eg får lov til å lese for dei. Av og til seier dei ja, og av og til nei. Då seier eg at det var synd, for eg har med meg ei bok, og har reist kjempelangt for å lese for dei. Skal eg berre reise heim att, eller får eg lov til å lese henne likevel? Då plar dei seie ja, ler Folkestad. – Ein må opne opp for litt tøys, og samstundes ha ein plan for å ro samtalen i land, dersom det skilr litt ut. Det er kjekt med ungar, ein veit aldri kva dei seier. Eg stiller gjerne dei same spørsmåla til dei ulike barnegruppene, og då er det kjempegøy når eg får eit uventa svar, der eg blir litt sett ut. Eg prøver å få sagt til skulen eller barnehagen på førehand at det er ein fordel om gruppene ikkje er altfor store. Det er ikkje

om å gjere å presse inn så mange som råd. Det er betre at dei som er der, får ei god oppleving.

– *Får du ulik respons frå barnehageborn og elevar?*

– Både store og små born svarer på spørsmåla eg stiller, men skuleelevar torer meir å stille spørsmål til meg. I barnehagen kan det godt hende at nokon legg seg ned og sovnar medan eg les, eller må på do, eller luggar nokon slik at dei må trøystast, eller dett av ein stol både ein og to gongar. Det går heilt fint. I skulen må eg gjerne varme dei litt opp før samtalen flyt godt. Særleg dersom læraren har sagt på førehand at elevane MÅ vere heilt stille. Born vil gjerne bli kjende med meg, og når dei er varme i trøya, stiller dei ofte direkte spørsmål som går på meg som person, eller korleis eg har laga boka. Veldig mange lurar på korleis eg har fått til å lage den harde utsida på boka. Og så må eg forklare litt om forlag og den prosessen. Nokre av klassane har laga eigne bøker, og dei kjem ofte med mange fine spørsmål.

Som formidlar må ein by litt på seg sjølv. Ein gong måtte eg trekke ei vond visdomstann rett før eg skulle reise på skulebesøk. Eg hadde med tanna og sa til borna at så lyst hadde eg å kome til dei, at eg fekk trekt ut ei tann så eg kunne reise. Det er mogleg at eg la på litt, men det er jo lov, det òg, smiler Folkestad. ■

«Mille må vere ei jentehumle, ho har jo perler på horna sine og jentevenge.» «Eg ser at ho er blå, men er ikkje humlene svarte og gule?» Kven er Mille, og kva kan framsida på boka fortelje oss? Dialogen og undringa med barna er i gang. Boka er midtpunktet for samtalen.

I Jostedal lèt me humla flyge

– prosjekt med dialogisk lesing i barnehagen

TEKST: **Anne Kristin Haugen Halveg**, pedagogisk leiar i Jostedal oppvekstsenter avd. barnehage

JOSTEDAL BARNEHAGE i Luster kommune har hatt språkutvikling som hovudsatsing for utviklingsarbeidet sitt dei siste to åra. Gjennom ulike tiltak og arbeidsmåtar har dei tilsette i barnehagen arbeidd målretta for at alle barna skal bli glade i å bli lesne for. Faste innslag har vore bokutlån i garderoben, høgtlesing og bruk av dialogisk lesing.

Uventa venskap

I det første prosjektet vårt med dialogisk lesing var utgangspunktet den nynorske biletboka *Snøhumla Mille* av Janne Marit Øye og Anne Angels-haug, gjeven ut på Skald forlag. I boka blir me kjende med humla Mille som elsker sommaren. Dag ut og dag inn flyg ho over enga, som er full av fargar, lydar, blomar og dyr. Brått kjem hausten. Mille trur då at ho er åleine i verda, men høgt oppe i eit tre ventar edderkoppen Spindella på ho. Dei to blir gode vener, og Mille får hjelp og trøyst. Gjennom forteljinga og bileta møter barna såleis ulike årstider og kjensler, venskap og varme.

Fokusord og omgrepslæring

Gjennom heile januar månad arbeidde barnehagen med boka om Mille og Spindella. Prosjektet



byrja med høgtlesing frå boka for alle barna. I neste leserunde plukka pedagogen ut såkalla fokusord som barna skulle bli betre kjende med. Fokusorda var *humle*, *humlebol*, *vev* og *lommeduk*. Desse fokusorda skreiv me med store bokstavar på eit ark. Arket vart hengt opp på veggen saman med eit bilete som illustrerte ordet eller den faktiske gjenstanden. Gjennom dialogisk samtale og undring saman med barna kom me fram til kva dei ulike orda tyder. I samlingsstunder vart dei kjende med og lærte kva ei humle og eit humlebol er.

Den beste omgrepslæringa meiner me skjer ved at barna får praktisere orda. Det å kunne sjå, lukte, ta og kjenne på og ikkje minst lage noko konkret er nyttige måtar for at barna skal forstå eit ord eller omgrep. Me både teikna humler og laga «Mille» og «Spindella» av ulike typar materiale som isoporkuler og silkepapir.

I og med at ordet «vev» var eitt av fokusorda, laga dei eldste ungane kvar sin vev av ein papptallerken. Meininga var først å veve humlekroppen, men då vevane var ferdige og me sette på pipereinsarar til bein, såg både barna og me vaksne at det likna mykje meir på edderkoppen Spindella. Slik endrar prosjektet seg undervegs.

Visuell støtte

Ein stor vegg i barnehagen er dekt av ei plate kledd med lerret som me nyttar til store fellesbilete, ei form for frise. Her målar me bakgrunnen alt etter kva me vil bruke han til. For arbeidet med snøhumla Mille var to- og treåringane i barnehagen med på å måle lerretet slik at det stemte med bileta i boka.

Ulike nyansar av fargen blå vart nytta, og kvite snøfnugg stempla me på med korkar. Ei stor grein vart henta inn frå skogen og hengd opp på denne veggen. Her vart alle «Millene» og

«Spindellaene» hengde opp saman med humlebol og snøkrystallar.

Humlebol laga me ved å blåse opp ein ballong, surre ulltråd og lime rundt med dekopage-lim. I og med at hovudhandlinga i boka føregår om vinteren, klypte me snøkrystallar av papir og hengde dei opp frå taket rundt omkring i rommet. På denne måten vart snøkrystallane meir «levande» og me fekk ein 3D-effekt i bakgrunnsbiletet vårt.

Denne visualiseringa av forteljinga er med på å gjere historia meir levande for barna, det involverer dei og bidreg til å forsterke forståinga av fokusorda.

Humlefest

For å markere at bokprosjektet om Mille og Spindella var ferdig, laga me humlefest i barnehagen. Saman med borna baka me bananmuffins og pynta dei som humler og edderkoppar. Non-stop vart lagde i ulike fargestriper på Mille-muffinsane, og Spindella-muffinsane fekk lange, svarte lakrisføter.

I dette prosjektet nytta me metoden dialogisk lesing som utgangspunkt. Det syntest seg at metoden var godt eigna for at me bygde han ut med endå meir tverrfagleg arbeid. Som pedagog såg eg også at me var innoan dei fleste av fagområda i rammeplanen på vegen. Ved å arbeide med boka over tid fekk me dessutan høve til å stogge opp og fordjupe oss i det som barna var ekstra opptekne av der og då.

Dette opplevde både barn og tilsette som svært tilfredsstillande. Me staka ut vegen etter kvart som me gjekk framover i prosjektet, og idear vaks fram og vart tekne med undervegs. Om du spør ein av ungane i Jostedal barnehage om kven Mille er, er eg sikker på at du får eit langt, innhaldsrikt og utfyllande svar. Mille har «flytta inn» hjå barna våre. ■

Kva er dialogisk lesing?

DEN DIALOGISKE LESEMETODEN er utvikla av den amerikanske forskaren G.J. Whitehurst i 1980-åra. Grunnleggjande dreier det seg om å lese ei bok med ei mindre gruppe barn og føre ein dialog med barna om leseopplevinga. Boka blir lesen høgt minst tre gonger i løpet av tre veker. Boka blir lesen på ulike måtar kvar gong. Gjennom denne variasjonen av lesemtatar blir barna involverte i stigande grad. Meininga er at denne metoden skal sikre at lesinga får ein positiv effekt på språktilegninga til barna.

- Ved første lesing sit barna og lyttar. Kanskje avbrote av eit enkelt spørsmål til handlinga.
- Ved andre lesing grip pedagogen fatt i bestemte ord og bilete som barna skal samtale om og forhalde seg til
- Ved tredje lesing blir dialogen intensivert. Handlinga i boka blir brukt som inspirasjon til leik og aktivitetar, til dømes rolleleik, ein liten quiz eller liknande. På denne måten blir effekten av den dialogiske lesinga auka.

Kjelde

«Dialogisk læsning med tosprågede børn», Center for Uddannelse og Pædagogik, Lyngby-Taarbæk kommune 2014

Når born forstår det dei les, får lesinga meaning. Mange born er flinke til å avkode, men finn det vanskeleg å hugse det dei les. Dersom læraren gjev borna gode lesestrategiar allereie når dei er små, kan lesing vidare i livet verte til noko lett, kjekt og meningsfullt.

Rettleidd lesing

– meningsfull leseopplæring

TEKST: **Liv Astrid Skåre Langnes**, Ivar Aasen-tunet FOTO: **Beate Hatlø**



Kvar økt har eit mål for kva borna skal lære. For nye og ukjende lesarar kan målet til dømes vere å lære å følgje leseretninga, kjenne att bokstavar, lære kva eit ord er, lære kva ei setning er eller lære å tolke illustrasjonar.

RETTELEIDD LESING er ein lesemetode der ein rettleiar og ei gruppe born får snakke, lese og tenkje seg meningsfullt gjennom ein tekst. Metoden kan brukast på alle alderstrinn, og det finst mykje god litteratur om emnet. Her vil vi gje ein kort presentasjon av lesemetoden med enkle tips til korleis ein kan bruke rettleidd lesing i barnehagen og i den første leseopplæringa.

Korte, målretta økter i små grupper

Rettelleidd lesing er ei strukturert og målretta undervisningsform der sjølve arbeidsøkta er kort og alltid med eit klart mål. Elevane får ein meningsfull tekst som dei arbeider med ut frå kva dei har behov for å lære.

Rettleiaren og borna arbeider saman i mindre grupper, som regel 4–8 personar. Gruppa skal vere så stor at det kan bli ein dialog mellom borna, og så liten at det er trygt for alle borna å snakke. Ein kan setje gruppene saman på grunnlag av interesser, erfaringar, kompetanse eller andre kriterium. Det viktige er at borna har glede av den same rettleiinga, og at dei er på veg mot eit felles mål. Med born i denne aldersgruppa er det passe med økter på om lag 12–15 minutt.

I eit klasserom brukar ein ofte stasjonsundervisning for å leggje til rette for rettleidd lesing. Der rullerer gruppene mellom ulike arbeidsstasjonar.

Tilpassa tekstar og klare mål

Før økta vel rettleiaren ut ein tekst til kvar gruppe. Dette kan gjerne vere tilpassa småbøker. Det beste er om alle har kvar sitt eksemplar av teksten. I barnehagen, der ein legg mindre vekt på at borna skal lese sjølv, kan det fungere med éi felles bok. Gruppa må då vere så lita at alle ser teksten godt.

Kvar økt har eit mål for kva borna skal lære. For nye og ukjende lesarar kan målet til dømes vere å lære å følgje leseretninga, kjenne att bokstavar, lære kva eit ord er, lære kva ei setning er eller lære å tolke illustrasjonar. I starten av økta seier læraren til borna kva målet for økta er, og skriv det ned på eit whiteboard eller ei tavle. Mot slutten repeterer ein målet og vurderer felles i kva grad gruppa har nådd det.

Gangen i ei rettleiingsøkt

Med ein gong borna er samla, tek læraren fram boka ein skal bruke og presenterer målet for økta. Han snakkar om biletet på forsida og motiverer

borna til å lese tittelen eller finne bokstavar dei kjenner att i tittelen. Denne metoden gjev rom for førlesingsaktivitetar der læraren reflekterer saman med borna om innhaldet og prøver å finne meaning i teksten ved å snakke om bileta på framsida, lese tittelen og finne ord og bokstavar som dei kjenner frå før. Om borna kan lese, må dei heile tida oppmodast om å søke meaning i det dei les. Høyrest det rett ut? Snakk om vanskelege ord og omgrep som kjem. Repeter målet for økta under leseprosessen.

Lesestoffet skal engasjere. Vi ønskjer å vekkje borna sin appetitt for bøker og lesing.

Etter lesinga hjelper rettleiaren elevane å samanfatte tankane: Kva likte du med teksten? Kva likte du ikkje? Kva gjer du når du ikkje greier å lese eit ord? Klarte vi å nå målet for lesinga?

Etter økta bør borna bearbeide det dei har arbeidd med. Det kan ein gjere mellom anna med dramatisering, formingsaktivitetar, lek, skrivning eller song. ■

Kjelde

Veiledet lesing. Metodehefte med dvd.
Mari Steen-Paulsen og Kathrine Wegge.
Cappelen 2008

Barn startar tidleg å interessere seg for skrift, og tekstane til dei tidlege skrivarane er ofte kjenneteikna av at barna teiknar og skriv i dei same tekstane.

Tidleg skrivning

TEKST: **Tris Hansson Myran** og **Heidi Sandø**, Skrivesenteret FOTO: **Esben Kamstrup**



FØR BARN HAR LÆRT SEG BOKSTAVLYDANE, skriv dei gjerne skribleskrift eller etterliknar bokstavar eller ord dei kjenner (logoar). Barna har også i stor grad eit tydeleg formål med det dei ønsker å formidle. Kanskje dei vil skrive ei liste, ei helsing eller namnet sitt på eit kunstverk dei har laga.

Oppdagande skrivning er ein metode der barna oppdagar samanhengen mellom bokstavlyd (fonem) og bokstavteikn (grafem) ved å eksperimentere med eiga skrivning før dei har lært seg alle bokstavlydane. Dei oppdagar at dei orda vi bruker når vi snakkar, kan gjerast om til enkeltlydar og skrift.

Ein sentral del av oppdagande skrivning er at ein vaksen skriv det som barnet fortel at han eller ho har skrive. Her ser vi eit døme på at ein vaksen har omsett Brage si *barneskrift* til *vaksenskrift*.

Den vaksne kan spørje Brage: *Kva har du skrive her? Vil du at eg skal skrive det med vaksenskrift?* Barnet og den vaksne kan saman finne ut kva for lydar som er med i ordet. Kanskje dei også kan telje kor mange lydar det er i ordet? Slike samtalar er viktige for at barn skal bli medvitne om sitt eige språk.

Når dei yngste skrivarane skriv, er det ingenting som heiter rett eller feil. Skribleskrift må godkjennast som den ytringa ho er. Nokre barn lærer seg tidleg fleire bokstavar. Dei må oppmuntrast til å ta i bruk dei bokstavane dei kan, slik vi såg at Brage gjorde da han skreiv «buss» under teikninga si.

Ei felles oppleving kan inspirere barna til å uttrykke seg gjennom skrift. Det kan vere at barnehagen har vore på ein tur eller at dei har lese ei bok. I etterkant av ei slik oppleving kan

ein samtale om kva ein har opplevd. *Kva såg vi på turen? Kvar var vi? Kva gjorde vi? Kva handla boka om? Kven var med i forteljinga?* Osb.

Det er ikkje fyrst og fremst barnehagen si oppgåve å lære barna å skrive, men barnehagen skal skape eit språkstimulerande miljø. Dei vaksne må utfordre og leggje til rette for at barna får utforske skriftspråket. Ved å ha skrive- og teikneutstyr tilgjengeleg, kan barna oppmuntrast til å skrive spontant og ta i bruk skrivning som ein del av den daglege leiken. I tillegg kan fellesopplevingar og meir styrte aktivitetar vere eit viktig bidrag i språkarbeidet.

Ein må også sikre at barna ikkje får velje bort aktivitetar som er viktige for at dei får utvikla seg språkleg. Dei vaksne må vere til stades når barna viser interesse for å bruke skrifta som uttrykksform, og dei må møte kvart enkelt barn der det er. ■


Meir informasjon om tidleg skrivning finst på www.skrivesenteret.no/barnehage/

Litteratur


Korsgaard K., Hannibal S., Vitger M. (2011).

Oppdagende skrivning – en vei inn i lesingen
Cappelen Damm AS.

Myran, I.H (2012). *Oppdagende skrivning – en vei inn i lesingen*. I Bedre Skole nr. 1, s. 17–21.




BOKTIPS



Barnas store eventyrbok

Her er kloke dyr, dumme troll, handlekraftige gutar og modige jenter, klare til å bergta nye generasjonar av eventyrlesarar.

Barnas store eventyrbok inneheld åtte eventyr frå Asbjørnsen & Moe, Grimm-brørne og H.C. Andersen. Maria Parr har omsett og modernisert språket i eventyra. Illustrasjonane er ved Svend Otto S., akkurat dei same illustrasjonane som dagens foreldregenerasjon kan hugse igjen frå Bokklubb-utgåva av denne eventyrskatten på attitalet.



Henrik And

av Anna R. Folkestad

Henrik And er ei and som drøymmer om å vere noko anna. Men han må tenkje nøye gjennom kva han vil vere ... Kanskje ein katt? Eller ein sjiraff? Boka har ein enkel tekst med regleelement og gjentakingar, og enkle, fargersterke illustrasjonar i collageteknikk.



Veslefantens reknebok

av Camilla Lundsten

Dette er ei bok som inspirerer til å drive kvardagsrekning saman med barnet, og gjere talforståing og utforsking til ein lek, midt i blinken for aldersgruppa 2–5 år. I tillegg til tal og enkel rekning kan barnet lære seg omgrep som størst og minst, ting som er like, ting med same storleik osv.



Jakob og Neikob og det tomme rommet

av Kari Stai

Radarparet Jakob og Neikob er tilbake, og denne gongen skal dei fylle det tomme loftet sitt med ein sambuar. Men det som byrjar som eit felles prosjekt for to venner, endar i uvennskap. Korleis skal dei verte venner igjen?



Kvar er mamma mi?

av Chris Haughton

Ein liten ugleunge fell ut av reiret og må få hjelp av andre dyr i skogen til å finne att mamma. Boka byggjer på eit gjentakande mønster og utnyttar spenninga som ligg i å bla om og sjå kva som er på neste side.



Unni og Gunni gjer det fint

av Anna R. Folkestad

Bøkene (og appane) om dei to pingvinane Unni og Gunni kombinerer omgrepslæringa frå peikebøker med fjas, moro og historieforteljing, og resultatet er høgst sjarmerande.



Under ein stein

av Erna Osland og Inger Lise Belsvik

Kvart kapittel i denne boka handlar om eit av dei mange virvellause småkrypa som bur under steinar i nærmiljøet ditt, mellom anna skrukke-troll, tusenbein og skolopender. Denne faktaboka er perfekt å ta med i sekken på skogstur når nokon løftar opp eit lite kryp og spør: «Kva er dette?»



Konrad Kråkebolle og andre fjærefantar

av Lisbeth Dreyer og Per Ragnar Møkleby

Her møter vi ulike små dyr og skapningar som vi kan finne under steinar i fjøra, i vasskanten eller ute i sjøen. Tekstane er i diktform, og saman med leikne illustrasjonar innbyr dei til utforskning av tekstane og livet i fjøra.



Mari og Magnus hos bestemor

av Ruth Lillegraven


Ei koseleg forteljing om første gongen Mari og Magnus skal overnatte heimanfrå. Boka inneheld alt eit vellykka bestemorbesøk skal ha: aking, bollebaking og trygge, gode bestemor når kvelden kjem med heimlenget.



Snøhumla Mille

av Janne Marit Øye og Anne Angelshaug

Humla Mille elsker sommaren når ho kan flyge over enga som er full av fargar og blomstrar. Etter kvart kjem hausten, og vinden blæs gjennom den vesle humlekroppen. Heldigvis møter ho den venlege edderkoppen Spindella som hjelper henne på ein uventa måte.



Hokus Pokus 1-2-3

av Sissel Horndal

Hokus Pokus 1-2-3 passar til høgtlesing når barna skal lære seg å telje. Vi startar med ei heks, og endar med tjue stjerner som heng ned frå taket. Det er mykje rart å sjå på, og mykje rart vi får høyre om, og alt er på rim.



Dagen opp ned

av Martine Grande

Ein morgon vaknar flaggermusene Ida og Oda, sjølv om dei brukar å sove heile dagen og å vere vakne om natta. No om morgonen ser alt annleis ut! Det er ikkje mørkt, men lyst. Og det er ikkje stille slik som det brukar å vere. Dei går på leiting for å finne ut kven som lagar alle dei rare lydane. *Dagen opp ned* er ei fargerik og spenstig biletbok-forteljing om å sjå verda med heilt nye auge.



Teo tøffar seg

av Solveig Blindheim Bendixen

Det er ein varm 17. mai. Mora har sydd bunad til Teo, og ho er stolt av kor fin han er i vesten og lua. I det varme vêret klør bunaden, og Teo er tørst heile tida. Han orkar ikkje hoppe sekkeløp ein gong. Torer han å skifte utan at mor merkar det? Dette er den fjerde boka om Teo. Bendixen har vore lærar i småskulen i mange år og er god på å gå tett inn på barns kvardag. Historiene om Teo er humoristiske og nervepirrande.



Monsterbråk

av Áslaug Jónsdóttir, Kalle Güettler og Rakel Helmsdal

Denne biletboka er den femte i ein serie bøker om dei to sjarmtrolla Storemonster og Veslemonster. Denne gongen handlar det om krangling, slåsting, å få dårleg samvit og til slutt å verte vener att.


– men å få syngje litt, det gjer oss gla'!

Tunkatten si songbok

Tunkatten Lurivar bur i Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda på Sunnmøre. Der har han budd i mange år, – når han ikkje er ute på reise, då. Lurivar likar å følgje med i alt som skjer, særleg i det som handlar om born, bøker og språk. På nettstaden sin legg han ut tips om gode bøker, songar, forteljingar om seg sjølv og mykje meir.

Tunkatten si songbok inneheld kjende og ny-skrivne songar på nynorsk. Dei er sorterte etter tema, så det er enkelt å finne ein song som passar. Du kan syngje sjølv og laste ned både musikk og notar til datamaskina di. Om du jobbar i barnehage eller skule, er det særleg greitt å vite om «syng-med» funksjonen der du kan syngje til eit ferdig akkompagnement.

www.tunkatten.no/songbok/



Dagane

*Onsdag er ein virvelvind
Spring rundt som ein galen okse
overalt frå fjord til tind*

Dagane er eit dikt om alle dagane i veka. Bruk det gjerne både med og utan melodi. Teksten er skriven av Hilde Myklebust, Martine Grande har illustrert han, og Heidi Marie Vestrheim har

laga melodi til. På nettsida finn de ein illustrert musikkvideo, ein plakat med teksten, eit ark med tekst og besifring og ei samling ark med illustrasjonar til kvar enkelt dag. Du kan også høyre og laste ned ei innspeling av melodien.

www.nynorsksenteret.no/dagane

Matvers



Fem matdikt med nynorsk tekst, av Hilde Myklebust og Arild Torvund Olsen, illustrerte av Per Ragnar Møkleby. Versa er laga i utskriftsvenleg utgåve og er godt eigna til bruk i barnehage og skule. Kva med å hengje dei opp ved eteplassen i barnehagen og prøve eit nytt vers kvar dag eller kvar veke? Gje oss gjerne tilbakemelding på kva for eit vers borna likar best.

www.nynorsksenteret.no/matvers

